

Fra: Marthe Hammer (mchammer@online.no)

Sendt: 02.09.2019 09:53:48

Til: Folkevalde

Kopi: Marthe Hammer

Emne: Spørsmål MISA: Fv.49 Vikøy - Norheimsund

Vedlegg:

Spørsmål til MISA:

Fv. 49 Vikøy-Norheimsund

Innbyggjarane i Vikøy i Kvam herad har aksjonert fleire gongar siste halve året for trafikktilhøve i Vikøy. I følgje Hordaland folkeblad har

trafikkauken på vegen gjennom Vikøy i perioden 2011 til 2018 auka med 170 %. I juli i år frakta ferja 51 939 personbileiningar der dei aller

fleste passerer Vikøy. For juli månad 2011 - 2018 utgjer dette ei trafikkauke på 233 %. I tillegg fører ferjeavgangar berre ein gong i

timen til stadige hendingar med høg fart for å nå ferja i Tørvikbygd.

Utbetring av trafikktilhøve i Vikøy har vore del av trafikksikringsplanane både i 2006 og i 2012, og var del av Kvammapakka

i 2015. Men framleis, i 2019, er det ikkje skjedd noko. I 2015 laga Asplan Viak, på oppdrag frå Vegvesenet, ein byggeplan for å gjennomføre

tiltak som mellom anna inkluderte nedsett fartsgrense til 40 km/t, oppheva gangfelt og 2,5 m fortau.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- Kva er årsaka til at utbetringane i Vikøy ikkje vart gjennomført i Kvammapakka?
- Er det rekna på kva det vil koste å gjennomføre planen til Asplan Viak?
- Kva skal til for å realisere planen frå Asplan Viak?
- Fram til planane til SVV er gjennomført vil nedsett fartsgrense til 40 km/t og fleire fartsdumpar ha fartsdempande effekt.
- Kva skal til for ei rask gjennomføring av slike fartsdempande tiltak?

Marthe Hammer (SV)

--

Marthe Hammer
Bønesberget 12
5153 Bønes
97672203